

Vestlandskappleiken i Bergen 1958.

Lars Skjervheim vinnar i klasse A, med Leif Neson like etter.

Uvanleg mange unge dansepar.

I Bergen vart det halde Vestlandskappleik i siste helgi i april. Tilskiparlag var spelemannslaget «Fjellbekken» og Vestmannalaget. Kappleiken var i Gimle, som var heilt fullsett til alle tri tilskipingane. Særlig var talet på folkedansarar stort, noko som og premilista syner. Domarar i dans var Arne Kjosås, Øyslese, Rasmus Skistad, Bergen og Johannes Sunnfjord, Strandvik. Domarar i spel var Sigurd Kvåle og Olaf Berge, Voss, og Anders Herland, Haus.

På sluttfesten der premiane vart etla ut, sa Arne Kjosås på vegner av domarane at det var mykje god dans. Men han lasta gjentone, dei tek det ikkje nøgje nok. Dei dansar ikkje springarsteg, mange av dei. Dei liter på guten, at han skal dansa godt. Og dette er gale. So hev me vossarullen, sa Kjosås. Um den kan me segja at det er ikkje so mykje, men det er hentande godt det som er. Mange vil ha det til at det å dansa vossarull, det er då ingi kunst. Men berre freista! Han må dansast fint, det vesle som er må gjerast retteleg fint. Og då er det ikkje lett.

Um spelet sa Sigurd Kvåle m.a. at det synest vera stendig framgang, men spelemennene spelar ofte betre når dei spelar for seg sjølv enn når dei kjem fram på scena på ein kappleik. Han var elles glad for det innslaget av unge spelemenn som det hadde vore på denne kappleiken. Det lovar godt for framtid.

10 spelemenn frå «Fjellbekken» opna kappleiken med den feiande friske Nordfjord-slätten «Hornindalsbruri». Formannen i Vestmannalaget, Ludv. Jerdal, var konferansier. Det var elles ymse innslag m.a. song Arne Bjørndal folkevisor, og på sluttfesten takka Helge Skage frå dansarane for den tilskipingi av kappleiken og vende takki til Jerdal som hadde styrt med so godt humør og fenge alt til å gå so greidt undan.

PREMIELISTA :

Spelemenn kl. A.

1. premi :

Lars Skjervheim, Vossestrand	357 p.
(gåvepr. frå Vestlandsbanken).	
Leif Neson, Modalen	353 p.
(gåvepr. frå Festspillene i Bergen).	
Finn Vabø, Bergen	346 p.
(gåvepr. frå Ervingen i Bergen).	

2. premi :

Halvor Sørsdal, Ulvik	335 p.
Anders Kjerland, Granvin	322 p.

Kl. B.

1. premi :

Ivar Medås, Alversund	305 p.
Einar Spildo, Granvin	299 p.

2. premi :

Bernh. Bruvik, Osterøy	283 p.
Bendikt Brynestad, Dale i Sunnfjord	274 p.
Nils Furnes, Sunnfjord	269 p.

3. premi :

Oddm. Dale, Mæland	254 p.
--------------------	--------

4. premi :

Johs. Holsen, Sunnfjord	235 p.
-------------------------	--------

YNGSTE KLASSE

1. premi :

Olaf Selland, Vossestrand	303 p.
Leif Rygg, Vossestrand	292 p.

KLASSE OVER 60 ÅR

Knutin Kleppe, Samnanger	122 p.
(gåvepr. frå kjøpm. Knut Skurtveit). (Umframtp. til eldste deltakar.)	

FOLKEDANS

SPRINGAR

Kl. A.

1. premi :

Reidun Sælensminde - Georg Nyborg, Bergen	
Vestlandsspringar (gåvepr. frå Nordhordlendingen)	88 p.

Reidun Sælensminde - Asmund Søreide, Bergen.	
Fanaspringar.	85 p.

Aslaug Kvilekval - Helge Skage, Fana	
Fanaspringar.	84 p.

Sylvi Landsvik - Bjarne Holmås, Bergen	
Vestlandsspringar.	82 p.

Kamma Arekål - Nils Arekål, Øystese, Vestlandsspringar.	
80 p.	

2. premi :

Ellen Fredriksen - Torkjel Bjørkheim, Bergen	
Vestlandsspringar	78 p.

Kitty Torkildsen - Hjalmar Lygre, Bergen	
Nordhordlandsspringar	78 p.

Svanhild Fjellanger - Erling Holmås, Lindås	
Nordhordlandsspringar	78 p.

Else Larsen - Rolv Landøy, Bergen, Nordhordlandsspringar	
77 p.	

Gudveig Iversen - Ingolf Iversen, Holmedal i Sunnfjord, Sunnfjordsspringar	
(gåvepr. frå Vestmannalaget).	77 p.

3. premi :

Inger Osland - Martin Kalve, Bergen, Vestlandsspringar	
75 p.	

Kl. B.

1. premi :

Guri Kjosås - Leiv Sandven, Øystese, Vestlandsspringar	
(gåvepr. frå Bondeungdomslaget i Bergen til beste par i springar i kl. B.).	60 p.

2. premi :

Svanhild Nordland - Magne Børshem Øystese	
Vestlandsspringar	56 p.

Eva Grete Lund - Sjur Olai Kleivkås, Øystese, Vestlandsspringar	
52 p.	

3. premi :

Haldis Knappskog - Asbjørn Flatøy, Bergen	
Nordhordlandsspringar	45 p.

Sissel Iversen - Jostein Rivedal, Holmedal i Sunnfjord, Sunnfjordspringar	
45 p.	